

## NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2017, 1.12.2017

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

### HØGSKULEN GJEV 10.000 TIL ØRSTA / VOLDA PRIDE

Høgskuleleiinga har gjeve eit tilskot på kr 10.000 til Ørsta / Volda Pride sitt arrangement 10.-13. mai 2018. Høgskulen meiner dette kan bli eit tiltak som gjer Volda endå betre som studiestad. Høgskulen oppmodar Ørsta / Volda Pride til å bruke pengane på eit akademisk arrangement og peikar særleg på at miljøet på Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag kan vere ein særleg interessant samarbeidspart, men også andre miljø kan vere aktuelle. Historie har også synt interesse for samarbeid.

### HVO SØKJER OM 20 STUDIEPLASSAR INANFOR IKT

Tidlegare denne veka inviterte Kunnskapsdepartementet alle UH-institusjonar om å søkje på ein pott av i alt 500 nye studieplassar innanfor IKT. HVO har søkt om 20 studieplassar innanfor "Digital kompetanse i læring" og grunngjev søknaden med pågåande satsing på digitalisering og IKT-kompetanse i skulen, vidareutdanning av lærarar i grunnskulen og på yrkesfag, og viser vidare til at HVO dei siste åra har hatt mange fleire studentar enn løyvde studieplassar på dette området.

### DIGITAL EKSAMEN: FUNGERER GODT I VOLDA

2.700 studentar på BI opplevde denne veka at systemet for digital eksamen svikta, og at dei difor må ta eksamenen seinare. Høgskulen i Volda brukar Inspira som er eit anna system enn det BI brukar, og HVO har svært gode erfaringar med Inspira. Det er svært sjeldan det er feil på systemet og når det har vore feil så har det vorte retta opp på kort tid. I tilfelle der feila har oppstått midt i ein eksamen har studentane fått litt lenger tid til å levere eksamen. Eksamenssvara blir lagra i systemet kvart femte minutt. Idrettsbygget er eksamenslokale for digital eksamen og her er det under eksamen både dobbel og tredobbel kapasitet på straum og tilgang på nett i tillegg til at det er tilgjengeleg reserve-pc-ar for dei som opplever datakræsje på sjølve eksamensdagen. Det blir sendt ut få eller ingen meldingar om feil på Inspira – rett og slett fordi det er få feil å melde om.

Les meir om datatrøbbelet på BI: <https://khrono.no/digitalisering-eksamen/2700-studenter-fikk-ikke-tatt-eksamen-pa-grunn-av-datatrobbelet/202079>

### PLANLEGGINGA AV NYBYGGET ER I RUTE

Høgskulen i Volda og Statsbygg er i rute med planlegginga av nybygget med prosjektnamnet «Sivert» som skal hyse mediefaga. Prosjektplanen har vorte justert på grunn av at Volda kommune no definitivt har slått frå seg å byggje ein kultursal i huset. Prosjektgruppa arbeider med kartlegging av aktivitetar og behov og med utforming av framtidige arbeidsplassar. Statsbygg sin arkitekt har hatt ein planleggingsverkstad på avdelinga i lag med representantar for dei ulike fagmiljøa. Huset skal stå ferdig sommaren 2020.

### STORT STUDENTBIDRAG TIL FORSKINGSPROSJEKT

Heile 50 mediestudentar ved Høgskulen i Volda bidreg med interninformasjon i eit forskingsprosjekt om framtidig bruk av algar i brødbaking, ølproduksjon, fiskefor og anna matproduksjon. Med mange interessantar er internkommunikasjon kritisk i dette 60 millionars prosjektet som er leia av [NIBIO](http://www.nibio.no) (Norsk institutt for bioøkonomi) på Ås. Prosjektleiari for HVOs del av prosjektet er [Kristian Fuglseth](mailto:kristian.fuglseth@hivolda.no).

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/over-50-studentar-med-stort-forskningsprosjekt>

### STYREMØTE 7. DESEMBER

Høgskulestyret held sitt siste møte for året 7. desember. Vi tek sikte på å strøyme møtet på nettsidene våre. På nettsidene finn du styrepapira under "Om Høgskulen/Utval":

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

### **STYRESAK: HVO SKAL TEIKNE UTVIKLINGSAVTALE MED KUNNSKAPSDEPARTEMENTET**

Alle Høgskular og universitet skal teikne utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Dette er eit nytt utviklingstiltak som går ut på at departement og institusjon skal bli samde om område som er særleg viktige for institusjonane å utvikle seg på. Det er i institusjonane sjølve som skal peike ut aktuelle tema som høver særleg godt for utviklingsavtale, men departementet blir samtalepart i denne prosessen gjennom ei rekkje møte i 2018. Høgskulestyret får første framlegg til tema for utviklingsavtalar på bordet som orienteringssak 7. desember og vil gjere vedtak i saka i møtet i januar. GLU, mediefaga, masterutdanningane og kulturfaga er foreslått som tema i styresaka.

### **STYRESAK: EKSTERN VURDERING AV STUDIEPORTEFØLJEN**

Høgskulen ønskjer å få gjort ei vurdering av det samla studietilbodet (studieporteføljen), og dette vil bli gjort av ein utanforstående aktør. Dette har vore diskutert i høgskulestyret og i Strategisk studienemnd, og det er gjort framlegg om å løyve pengar til dette i budsjettet for 2018. Føremålet med analysen er å få ei vurdering av HVOs fagprofil, framtidig etterspurnad for våre studietilbod og vidare fagleg og økonomisk berekraft for studietilboda våre.

### **STYRESAK: DELEGERING AV TILSETTING AV PROFESSORAR OG DOSENTAR**

Sidan 2015 har høgskulestyret delegert tilsettingsmyndet når det gjeld professorar og dosentar til TUFO (Tilsettingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar). TUFO godkjenner då også utlysingstekstar. Delegeringa gjaldt for to år og vert no foreslått forlenga til desember 2020.

### **STYRESAK: FRAMLEGG OM LØNSUTVAL FOR REKTORATET OG DIREKTØR**

Høgskulestyret får på bordet framlegg om at eit lønsutval samansett av to eksterne styremedlemmer og to tilsettevalde representantar som skal følgje opp løn til rektor, prorektor og høgskuledirektør. Løna blir fastset av høgskulestyret.

### **STYRESAK: BUDSJETT 2018**

HVOs budsjett for 2018 har ei ramme på 346,6 millionar kroner. Midlane vert fordelte etter budsjettmodellen HVO har hatt i mange år. Budsjettet vil kunne bli endra etter at konsekvensane av budsjettforliket mellom regjeringspartia, Venstre og KrF har vorte endeleg vedtatt. Dette handlar både om at sektoren får eit effektiviseringskutt som for HVO utgjør ca 0,7 mill, det skal tildelast 500 nye studieplassar på IKT og det er foreslått å sette av 200 mill til vidarutdanning av lærarar. HVO kjem til å søkje om studieplassar på IKT i tråd med ein invitasjon frå Kunnskapsdepartementet. Samla sett får HVO omlag same tildeling som tidlegare. Men det blir dermed mindre strategisk spelerom fordi større delar av budsjettet er "låst" på grunn av budsjettmodellen eller statlege øyremerkte satsingar som særleg går til lærarutdanning. I januar/februar 2018 vil ei arbeidsgruppe nedsett av styret kome med evaluering av budsjettmodellen.

### **FORSKINGSGRUPPER: FORSKINGSUTVALET HAR VEDTATT KRITERIER**

Forskningsgrupper har stått på dagsorden på Høgskulen i Volda i lang tid, og i møte i Forskningsutvalet 9. november vart det gjort eit vedtak som vonleg er avklarande. I vedtaket vert det gjort klart at forskningsgrupper skal vekse fram som initiativ frå forskingsmiljøa og at dei står fritt til å organisere seg som dei sjølve vil. Forskningsgrupper står også fritt til å søkje om driftsmidlar frå fellesnivået, men må då oppfylle fleire kriterier: Dei må ha ein leiar, eit formål som er knytta til HVOs strategi, må legge til rette for å involvere stipendiatar og studentar, kreve at medlemmene skal vere aktive, syne att på HVOs nettsider og så må den aktuelle avdelinga bidra med like mykje som fellesnivået. Forskningsgrupper som får driftsmidlar vil også bli prioriterte i tildeling av strategiske forskingsmidlar.

Les saksutgreiing og vedtak på Forskningsutvalets

nettsider: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/AgendaItems/Details/202252>

Her er oversyn over forskningsgruppene ved HVO som så langt har laga omtale av seg sjølve på våre

nettsider: <https://www.hivolda.no/index.php/forskning/forskningsgrupper-0>

## REDELIGHETSUTVAL: VOLDA VURDERER SAMARBEID MED MOLDE

Alle høgskular og universitet må opprette redelighetsutval for forskning. Redelighetsutvala skal behandle saker der det er mistanke om forskingsjuks, plagiat eller liknande. I utvala skal det vere medlemmer med juridisk og forskningsetisk kompetanse, og utvala skal ha minst eitt eksternt medlem. På førre møte i Forskningsutvalet vart det orientert om at HVO har samtalar med Høgskolen i Molde om eit felles redelighetsutval.

## 2000 DELTAKARARAR PÅ FORSKINGSDAGANE

På dei ca 25 arrangementa under forskingsdagane i 2017 deltok det ca 2.000 personar. Arrangementa fekk også omtale i ei rekkje lokale og nasjonale media og var i det store og heile eit svært godt gjennomført arrangement med forskingsrådgyvar Geir Tangen som koordinator.

Nettsidene til Forskningsdagane: <https://www.hivolda.no/index.php/forskning/forskningsdagane>

## STUDIEBAROMETERET 2017: VOLDA FEKK HØGAST SVARPROSENT!

Studentane ved Høgskulen i Volda var også i år heilt i landstoppen når det gjeld svarprosent på studentundersøkinga Studiebarometeret. Heile 72 prosent av dei inviterte studentane ved Høgskulen i Volda svarte på undersøkinga, og det var best blant statlege høgskular og universitet. Våren 2018 får dei tilsette på Høgskulen sjansen til å gjere det endå betre enn studentane når "Underviserundersøkelsen" kjem - i 2017 var svarprosenten blant dei tilsette ca 50 prosent. Her kan du sjå kor mange som har svara i kvar einskild studentgruppe ved Høgskulen i

Volda: <http://survey.studiebarometeret.no/report/shared/66048c1e-570c-497b-be6f-8060f0f5f4ff>

Her er eit oversyn over svarprosenten ved alle høgskular og universitet:

<http://survey.studiebarometeret.no/report/shared/789b3e68-04dd-4117-8526-4716c8e5cfd7>

Les meir om Studiebarometeret på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/hivolda/pa-topp-nasjonalt>

## FJORDKONFERANSEN 2018 I ÅLESUND - FRIST FOR SAMANDRAG 15. FEBRUAR 2018

Fjordkonferansen blir for første gong arrangert i Ålesund, 21.-22. juni 2018. Alle tidlegare år har Fjordkonferansen vorte lagt til Loen. Temaet for 2018-konferansen er "Modellar". Frist for å melde på samandrag (abstract) til konferansen er 15. februar 2018. Høgskulen i Volda er ein av medarrangørane av konferansen i lag med NTNU Ålesund, Høgskolen i Molde, Møreforskning og Høgskulen på Vestlandet. Leiar i styringsgruppa er Øyvind Helgesen, NTNU Ålesund. Meir informasjon om konferansen og krav til samandrag og innlegg finn ein på nettsidene til konferansen: [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

## INVITASJON TIL INTERNT KURS: RETTLEIING PÅ FAGTEKSTAR

Våren 2018 blir det høve til å ta kurset "Rettleiing på fagtekstar". Dette er eit tilbod i høgskulepedagogikk og vart også gjeve hausten 2017. Dei noverande studentane er godt nøgde med kurset. Søknadsfrist for kursdeltaking våren 2018 er 21. desember og søknad vert å sende til prodekan Anne Øie på AHL.

## SIDEGJEREMÅL MÅ REGISTRERAST - MEN IKKJE ALLE

Alle tilsette skal registrere sidegjere mål i SAP-portalen. Formålet med registrering av sidegjere mål er å verne om HVO sitt omdømme og dei tilsette sin tillit og integritet, ved at vi er opne om mulege interessekonflikter og handteringa av dei. Det er ei rekkje sidegjere mål som etter dagens regelverk **ikkje** skal meldast i SAP-portalen:

- Medlemsskap i eksterne bedømmingskomitear
- Referee for fagtidsskrift
- Oppgåver som ekstern sensor
- Faglige verv som følger med hovudstilling
- Einskildståande mindre undervisningsoppdrag ved anna institusjon

- Einskildståande mindre oppdrag i samband med EVU ved anna institusjon
- Einskildståande mindre formidlingsoppdrag eller einskildståande oppdrag som fagekspert i media eller liknande
- Anna liknande verksemd av avgrensa omfang og lengd som ligg innanfor høgskulen sitt samfunnsansvar
- Ulønna verv av avgrensa omfang og lengd for allmenntyttige institusjonar
- Aksjepostar i børsnoterte selskap

I ein artikkel i nettavisa Khrono går det fram at heile UH-sektoren slit med å få tilsette til å registrere sidegjere mål: <https://khrono.no/uis-hvl-nord/for-darlig-oppfolging-og-kontroll-med-sidegjoremal/200540>

### GÅVEBOKA I NYTT OPPLAG

HVOs eiga gåvebok må trykkast i fleire eksemplar. Kontor for samfunnskontakt har fått laga ei fotobok som skal brukast som ei offisiell gåve frå HVO i høve der det passar. Resultatet har vorte ei nydeleg bok med fine bilde frå Volda og Nordvestlandet og med korte tekstar på norsk og engelsk. Boka er på ca 50 sider i liggande A4-format, har stive permar og vil vonleg vere eit fint minne for langvegsfarande gjestar. Dei som meiner boka kan passe som gåve tek kontakt på [samfunnskontakt@hivolda.no](mailto:samfunnskontakt@hivolda.no). Boka vert internfakturert.

Fotoboka er også til sals for privatpersonar i Studentsørvis og er eit fint gåvetips no som jula nærmar seg. Det har vore større sal av boka enn venta, og ho må alt no trykkast i nytt opplag.

### FAGDAG OM CANVAS 12. DESEMBER

Det blir fagdag om Canvas tysdag 12. desember kl 09-12 i BK Store auditorium. Påmeldingsfrist er 8. desember. Lenkje til påmelding:

[https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=mEywoos-o0eX4TdrmgGX7o\\_kHlgv2q5HgmKkOyHYY71UMDdLVlJXTDQ4SkdQWUFPTUJZSE05RUIJUS4u](https://forms.office.com/Pages/ResponsePage.aspx?id=mEywoos-o0eX4TdrmgGX7o_kHlgv2q5HgmKkOyHYY71UMDdLVlJXTDQ4SkdQWUFPTUJZSE05RUIJUS4u)

### OVER 250 PÅ JULEBORD, FREDAG 8.12.2017.

HVOs julebord for 2018 blir arrangert på Ulstein Hotell fredag 8. desember kl 19.30. Då påmeldingsfristen hadde gått ut var det over 250 påmelde. Det går buss frå HVO kl 18.45 med retur kl 23.30 og 01.00.

### MØTE- OG ANDRE AKTIVITETAR VINTEREN 2017/2018

- 07.12.2017: Styremøte, HVO.
- 08.12.2017: Julebord, Quality Hotell Ulsteinvik.
- 12.12.2017: Fagdag om Canvas, HVO.
- 05.01.2018: Beredskapsrådets konferanse 2018, Stavanger.
- 16.01.2018: Kontaktkonferanse, Kunnskapsdepartementet.
- 17.01.2018: Utviklingsavtalar: Halvdagsseminar, Kunnskapsdepartementet
- 25.01.2018: Styremøte 1/2018, HVO.
- 07.02.2018: Internasjonal dag, HVO.
- 21.02.2018: UiB rektoratet på besøk til HVO.
- 08.03.2018: Styremøte 2/2018, HVO.
- 21.-22.3.2018: Solstrandkonferansen, Os.

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

**REKTORBLOGGEN:**

<https://blogg.hivolda.no/jr>

Her også: «Sei i frå», 23. november 2017

Dobbelt gjennomslag: Ca 24 mill i prosjektmidlar til IKT i grunnskulen, 10. november 2017